

Felgahelsing

Årgang 62 - Nr. 4
DESEMBER 2016



Odda



Tyssedal



Røddal



Skare

God jul!





Odda og Tyssedal sokn

Kyrkjekontoret i Odda

Almerket 17

Postadresse:

Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00

E-post: post@oddakirken.no fax 53 65 09 01

Nettadresse: www.oddakirken.no

Kontortid: tysdag til fredag 09.00 – 14.00

Sekretær Angunn Handegard Trå

Direkte telefonnr.

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05

e-post: soknepresten@oddakirken.no

Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06

e-post: diakonen@oddakirken.no

Trusopplærer Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04

e-post: pedagogen@oddakirken.no

Kyrkjeverje Greta Nordlund tlf. 53 65 09 07

mob. 481 03 285

e-post: kirkevergen@oddakirken.no

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09

e-post: kantoren@oddakirken.no

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10

e-post: organisten@oddakirken.no

Kyrkjetenarar

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

Jannike S. Stave mob. 950 06 055

Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

Røldal og Skare sokn

Kyrkjekontoret i Røldal

Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40

fax 53 64 18 52

E-post: soknepresten.iros@oddakirken.no

Sokneprest Arne Sveinung Nataas

Odda sokneråd

Leiar Åse Kaland mob. 992 75 147

Røldal sokneråd

Leiar Liv Karin Larsson mob. 476 18 491

Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim tlf. 53 64 52 70

Tyssedal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

Odda kyrkjelege fellestråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

HELGAHELSING

Redaksjon:

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utføring

E-postadresse: helgahelsing@gmail.com

Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

Å kom, bli med!

Amatør kjem av det latinske ordet «amare» - og tyder ein som elsker. Fram mot jul er det mange amatørar i sving. Musikarar og korsongarar har funne fram juleprogrammet og øver til konsertar og gudstenester. Det er kjærleiken til musikken og songane som driv dei. Denne kjærleiken gjev stor glede til mange menneske både i førjulstida og i julehøgtida. Det er glede som vert delt mellom alle som syng og spelar saman. Det er glede som vert gitt til alle tilhøyrarane som kjem til kyrkjer og kulturhus for å få del i ei god oppleving. Amatør er eit positivt ord, knytt til alle som vil vera med og løfta fram songen og musikken i lokal-samfunna. Dei er med!

Sjølv skal eg i år vera med og spela 3. trompet til 1. sats av J.S. Bach sitt juleoratorium. Eg veit kven dei to andre trompetistane er. Dei heldt eit høgt nivå. Men eg er med. Trompeten min skal og klinga i lag med dei andre. Sjølv sagt er eg nervøs, alle er det. Men om alle hadde sagt at dei ikkje er gode nok, så hadde det ikkje blitt noko juleoratorium. Det hadde blitt trist både for songarar, musikarar og alle som kjem for å høyre, i år både i Dale kyrkje og i bedehuset Nain. Vi hadde alle gått glipp av ei stor oppleving. Det er viktig at alle er med!

Song og musikk opnar julebodskapen. Oratorium tyder «bønehus». Songen og musikken rettar tankane oppover og gjer oss klare til å ta imot det store underet. Ikkje minst korstykket i ora-



Harald T. Fykse til minne

Ein god ven, Harald T. Fykse, døydd 1. april 88 år gamal. Harald var fødd på garden Fykse i Kvam herad der han var yngst i ein syskenflokk på fem. Foreldra var Brita og Tore Fykse.

Etter krigen var han elev på Framnes ungdomsskule. Seinare gjekk han i lære i smedfaget før han kom inn på Voss kunsthandverkskule der han tok fagbrev som kunstsmid. Deretter gjekk han 2 år på lærarlina ved Statens husflidskole på Blaker.

I 1955, då han var nyutdanna faglærer, byrja han som lærar på Den samiske folkehøgskolen i Karasjok. Der var han i to år, og i dei åra var Thor With rektor på skulen. Augo til Harald fekk ein særleg glans når han tala om tida i Karasjok. I 1957, same året som han gifte seg med Torbjørg, flytte Harald til Alta der han arbeidde på yrkesskulen. To år seinare kom huslyden til Odda der han arbeidde som faglærer på yrkesskulen i 35 år, fram til han vart pensjonist i 1994.

Av elevar får Harald positiv omtale. I skuleåret 1961/62 var Einar Lutro, som seinare vart ordførar i Ullensvang, elev på yrkesskulen i Odda. Han seier om Harald: Fykse var ein dugande lærar, roleg og sindig, ærleg og solid. -Han ville oss vel. Lutro nemner og at sonen, som også hadde Harald som

toriet skapar stemning og bidreg til eit inntrykk av noko stort. Trompetane spelar fanfarar for å gjera folk oppmerksame på at no kjem det noko stort. Alle er med på å understreka bodskapen.

I første verset av juleoratoriet vert alle oppmoda om å gleda seg, tena den Høgste med våre stemmer og æra Hans namn. Det får vi rikeleg høve til fram mot jul og i julehøgtida både i gudstenester, på konsertar og andre stader. Alle songarar og musikarar er med. Så kom og bli med du også! Stem i og syng. Lat julebodskapen fylle hjarte og sinn.

Diktarpresten Grundtvig skreiv: «Det kimer nå til julefest», 2. verset lyder slik:

*Å kom bli med til Davids by
Hvor engler synger under sky!
Å la oss gå på marken ut
hvor hyrder hører nytt fra Gud.*



Velsigna jol!

Arild Hellesøy Prost



The Mystical Nativity (1501) av Sandro Botticelli

lærer, gav han den same attesten.

I åra i Odda var Harald med i kristent byggjande arbeid. I sundagsskulen i Odda la han og Torbjørg ned eit stort arbeid. I Det norske Misjonsselskap var Harald engasjert på ulike nivå. Det er verdt å nemna at syster til Harald, Kristi Fykse, i mange år var misjonær for NMS i Sør-Afrika.

Han var og formann i Odda sokneråd då kyrkjelyden fekk reist eit tidhøveleg soknehus fyrst på 80-talet. Harald var målretta og resultatorientert, hadde praktisk sans, stor arbeidskapasitet og gode organisatoriske evner. Og alt han gjorde var merkt av ein glad tenestevilje og ei sterk pliktkjensle. Dessutan hadde han god vurderingsevne.

Frå 1987 og fram til 2005 var Harald formann i styret for Odda bedehus. I desse åra vart bedehuset teke godt vare på, m.a. vart hellene på taket lagde om og sanitæranlegget modernisert. Harald sa at skal eit hus stå støtt, trengst det solide murar og eit godt tak. År etter år var det Harald og Torbjørg som heldt oppe jule- og 17. maifestane på bedehuset og likeeins dei tradisjonelle langfredagsmøta. Harald var hendig og jamleg dreia han gevinstar til utloddingar eller årsal på bedehuset.

Fram gjennom åra tok Torbjørg og Harald imot mang

ein tilreisande predikant. I det heile hadde dei ein open og gjestfri heim der folk alltid kjende seg velkomne. Sjølv om Harald hadde mange oppgåver, fekk han tid til å vitja folk, og særleg dei som kom på sjukehuset eller dei som hadde vorte gamle og trong ei handsrekning. Den fyrste tida i Odda budde dei i blokk på Eide, og seinare, i 1970, flytte dei inn i nybygt hus i Erraflotvegen der Harald budde fram til han døydde. Kring huset hadde dei ein stor og velstelt hage med bærbuskar, frukttre og blomebed.

Harald T. Fykse tok og på seg samfunnsansvar då han i to bolkar representerte Senterpartiet i Odda kommunestyre. I den siste perioden var han og med i formannskapet.

Harald og Torbjørg fekk fire born: Kristian, Torstein, Brita og Håvard. For dei og dei 7 barneborna er det eit tap at Harald er borte. Og ikkje minst vil tapet kjennast tungt for kona Torbjørg som fekk eit nær på 59 år langt samliv ilag med Harald.

Over livet til Harald var det ein vid horisont med eit himmelsk perspektiv. Denne horisonten, med det kristne livssynet som fundament, prega alt han gjorde. Eg er takksam for at eg fekk møta Harald, læra han å kjenna og oppleva venskapen med han. Fred over Harald T. Fykse sitt gode minne.

Knut O. Dale

På flukt i jula



Lavana er like mange år som ho har fingre på den eine handa. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

La fleire fylla fem!

Lavana (5) fra Sinjar er på flukt frå IS saman med familien sin. I flyktningleiren Kabarto i Nord-Irak sikrar kyrkjelydane våre saman med Kirkens Nødhjelp reint vatn til 28 000 menneske. Offeret til Kirkens Nødhjelp i jula går til arbeidet med å gje fleire born ei framtid.

Lavana og familien hadde eit godt liv i Sinjar, med eige hus i landsbyen Ger Azir. Så gjekk IS til åtak.

– Vi høyrde skot og bomber og flykta til Sinjar-fjellet. Lavana var berre tre år gamal den gongen, og ho sa heile tida at ho trudde IS kom til å drepa oss, fortel mora Jazia Hassan. Familien miste besteforeldre og ei tante og ein onkel som vart att i landsbyen. Dei veit framleis ikkje kva som skjedde med dei.

– På Sinjarfjellet, der vi var i ni dagar, hadde vi problem med mat og vatn. Vi drakk mjølk fra sauer, fortel Jazia.

No har familien funne tryggleik i leiren Kabarto, eit stykke utanfor Dohuk. Her bur 28 000 menneske i kvite telt på rekke og rad, så langt auga kan sjå, midt i den tørre øydemarka. Kirkens Nødhjelp sikrar reint vatn og gode sanitærforhold for flyktningane. Dei gjev også hygieneopplæring til borna.

– Livet i leiren er bra. Eg har fått mange nye vener her, men eg hugsar veninnene mine frå Sinjar. Eg håpar eg får treffa dei att, seier Lavana.

Viktig bursdag

Kvart minutt døyr elleve born som enno ikkje har rukke å fylla fem år. 98,7 prosent av desse borna vert fødte i fattige land, og vassrelaterte sjukdomar er mellom dei viktigaste dødsårsakene. Fødselskomplikasjonar, feilernæring, meslingar og lungebetennelse er andre viktige årsaker.

Saman med vår eigen organisasjon, Kirkens Nødhjelp, bidreg kyrkjelydane våre til å sikra ein trygg fødsel, gode helsetenester, reint vatn, ernæring og tryggleik til born i fattige land og til born som er på flukt.

Å fylla fem år kan samanliknast med å kryssa ei bru. Når ein har fylt fem, er sjansen for faktisk å få veksa opp langt betre.

Lavana fylte fem år i flyktningleiren Kabarto.

– Når eg blir stor, har eg lyst til å bli lege, fortel ho.

Eit barn er født

I jula feirar vi barnet som vart født i ein stall for 2000 år sidan. Denne jula vil vi også minna om borna som vert fødte inn i vår verd i dag – i fattige land som Malawi og Etiopia, eller på flukt frå krig og liding i Syria og Nord-Irak. Tenkjer du deg på julegudstenesta, vonar vi du vil gje ei gåve til arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med kontantar til kollekten. La fleire fylla fem!

Kirkens Nødhjelp



Det er godt å vere samman med far sin, Khiri Saido, i Kabarto leir utenfor Dohuk i Nord-Irak. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)



GLIMT I KVARDAGEN

Riksvegen frå Odda til Lofthus er stengd. Det gjev reisande nye utfordringar. Reiselivet og handelsnæringa langs austsida av fjorden, misser reisande turistar og andre som stoppar for å nytta servicen dei vert tilbydd. Ein steng riksveg på austsida av Sørfjorden gjev anna verknadar og. Vegene til Utne er meir trafikkert og butikkane der får meir besøk. På ferga frå Utne til Kinsarvik er det som i «gamle dagar» med god stemning om bord og mange reisande.

Sjølv reiser eg mest med hurtigbåt til og frå arbeidet mitt. Desse ti minuttane om bord er svært sosiale. Ein møter kjenningar og får tid til å slå av ein prat. Desse gode små pratane er nærast ein mangelvare når eg elles sit åleine i bilen til og frå jobb. Slike korte daglegdagse samtalar er viktig prat. Ein går kvar til sitt med ei oppmuntring i kvardagen. Meir skal kanskje ikkje til for at dagen vert god. Dei små gode augneblinka er verdifulle.

Slike flotte augneblink fekk ein og oppleva då ein måtte stå i bilkø og venta på at vegen skulle verta opna i Deildo. Plutseleg fekk ein sjå den nydelege fjellblomen «Bergfrua» eller «Fjelldrønning», som hang ned i vegkanten. Den nydelege fjellplanta som veks på berg og fjellsider der sola ikkje kjem til. Denne vakre blomen «Bergfrua» er kåra til norsk nasjonalblom ved sida av røsslyngen. Ikkje ana eg at den veks langs riksvegen ved fjorden.

Slike stopp i kvardagen får oss å opna auga for små detaljar, men som kan gje eit stort inntrykk. Turistar som plukkar ville jordbær medan dei ventar i bilkø. Folk set igjen på «stabbasteinane» og pludrar om livet.

Sjølv om me som reiser ser fram til utbedra veg, er desse små glimta frå kvardagen ei god påminning om å sjå til kvarandre og sjå rundt oss kor fint me har det.

Det Norske Misjonsselskap i Odda



Det Norske
Misjonsselskap

Hardanger og Voss områdeutval av Det Norske Misjonsselskap hadde i år årsmøte og misjonsstemne i Odda.

Delegatane, som er frå heile Hardanger og Voss, samla seg fyrst til gudsteneste i Odda kyrkje. Deretter var det middag og årsmøte på Odda Bedehus.

Misjonsfesten var på Odda Soknehus, der Torstein Fosse fra NMS heldt festtalen.

Odda kyrkjelyd har misjonsavtale med NM, der vi støttar evangelisk radioarbeid i Thailand. Wiraya Sae-Lao, som er frå Thailand, gledde forsamlinga med vakker tradisjonsdans frå sitt heimland, iført praktfull folkedrakt.

Margot Helene Rosvold spelte fiolin, og Torstein Backer-Owe spelte og sang egne evangeliske viser.

Leiar i områdeutvalet, Tone Bjortveit bar fram helsingar frå NMS sitt hovudkontor i Stavanger og frå regionkontoret i Bergen.

Soknehuset var fint pynta og serveringa var smakfull og delikat.

Mange lokale interesserte deltok også på festen saman med dei tilreisande.

HV.



90 Skare kyrkje,

-års markering 2. oktober.

Familiegudstenesta tok til kl. 16.00, og diakon Annlaug Engmark og sokneprest Arne Nataas hadde gudstenesta i lag. Preiketeksten var »La dei små borna kome til meg», og borna og Arne hadde den gode dialogen om mangt og mykje.



Etter gudstenesta var alle velkomne til kyrkjefest i grendahuset. Skare Sokneråd og andre frivillige hjelparar hadde laga til flott koldtbord, kaker og Skaregraut. Annlaug hadde sett i sammen eit flott songhefte som passa godt til dagen, borna og alle.

Skare Barneskule, 1. - 5. klasstrinn, hadde teikna kyrkja. Vi fekk ein heil bunke med «kunstverk», som var hengt opp til ei utstilling ved inngangen til matsalen. Kyrkja er teikna frå alle vinklar, med flotte detaljar, sine særpreg, ei lita vakker tømra kyrkje, dekor, smijern, utsmykking. På nokon av teikningane ser vi og litt av staden rundt kyrkja. Naturen tett innpå med høge furutre, grønne plenar og kyrkjebakken, fjell og ei strålende sol. Slik var det denne dagen og. Elevane har verkeleg lagt ned mykje arbeidsinnsats, det er ikkje så lett å teikne eit slikt særprega bygg. Teikningane vil pynte opp i kyrkja no til jul. Tusen takk til alle elevar og lærarar! Dette vart eit midtpunkt!

Vi fekk blomehelsing frå fellesrådet og gåvehelsing frå Røldal Sokneråd, og offergåva i kyrkja og loddsalet på festen er tenkt til utsmykking i kyrkja.

Her i Skare er det Ikkje berre kyrkja som fyller 90 år i år, men også tre andre skarringar. Daniel Berge, Angunna Kvandal og Helga Heng Garvik. Av desse var det Helga som kom til kyrkje og til festen etterpå. Vi fekk høyre litt om oppveksten hennar her i bygda, og det var mange gode minner å dele og å tenkje tilbake på.

Arne Nataas hadde intervju med Margot og Sigmund Skare. Dei har til sammen vore tilsette som kyrkjetenarar i ca. 20 år, samarbeida og hjelpt kvarandre i tenesta. Det vart gode historier om arbeidstilhøve før



Teikningane av Skare kyrkje 90 år - teikna av 1-5 klasse ved Skare Barneskule. Tusen takk!



Skare Kyrkje
90 år

2. oktober
Gudsteneste kl 16⁰⁰
~ og så er det
Kyrkjefest
på Grendahuset
17³⁰ - 19⁰⁰
Alle velkomne!

Arr: Skare Sokneråd

og fram til i dag. Det var mykje å passe på og tidkrevjande arbeid. Margot fortalde mellom anna at ho ein gong hadde overhøyrte ein samtale mellom to turistar som hadde vore på gudstenesta. Dei stod i døra og diskuterte kor gamal denne kyrkja kunne vere. Dei var einige om at ho måtte vere fleire hundre år. Margot syns ho måtte ordne på dette. Ho viste dei sølvskiltet som heng på søyla til høgre innanfor kyrkjedøra. Der er årstalet 1926 inngravert. Då vart dei forundra, og kan hende er det nett slik for mange som kjem til kyrkja i Skare første gongen.

Trusopplærar Jannike hadde litt aktivitet og leik med borna, og musikalske perler frå Pawel ved pianoet batt festen i hop. Som ei høgtidleg avslutning på festen hadde Annlaug ei helsing til Skare kyrkje:

Det er fest!

Me feirar at Skare kyrkje er 90 år. En høg alder målt i eit menneske liv. Ein kort alder målt i ei kyrkja sitt liv. Skare kyrkje som så vakker ligg på ei fin høgd her i Skare.

Ei kyrkja eg var første gong til gudsteneste i for ca. 30 år sidan. Den gang var eg på leir på Utsikten. Skare kyrkje ligg der og minner oss på vår kristen tru.

Kyrkja minner oss og på merkedagar i livet vårt, Dei gledelege som dåp, konfirmasjon og bryllaup.

Men og dei sorgtunge som ei gravferd er.

Kyrkja minner oss på samanhengen me står i. 90 år i Skare. Men over 1000 år i landet vårt. Og endå eldre tilbake til Jesus liv og virke og før det alle profetiane i Det gamle testamenet.

Helsar dykk med orda frå Fil 1,6 «Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.»

All takk og ære til dei som starta arbeidet med å få reist ei kyrkje i Skare.

La oss vera med å bære tradisjonane og evangeliet vidare til neste generasjonar. Kyrkje vår er meir enn eit bygg. Kyrkjelyden skal vera ei kyrkje som når ut til bygda.

Gratulera med jubileet og Guds signing over alle og dykkar virke i Skare kyrkjelyd!



Tusen takk alle som var til stades!
Gunvor Stana Seljestad

Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg *gjenoppdaginga* hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjenombrot slik: «...at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje.

Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortjeneste og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Hausttakkefest

Søndag 16. oktober var det Hausttakkefest i Odda kyrkje. Kyrkja vart pynta med frukt og grønnsaker som speidarane hadde med seg. Speidarane deltok også på gudstenesta med prosesjonsflagg og tekstlesing. 4-åringar var spesielt invitert til gudstenesta og fekk Mi Kyrkjebok, ei bok med Bibelforteljingar og songar. Etter gudstenesta var det Kyrkjekaffi på Soknehuset. Fruktkorgene vart lodda ut, og Speidarane samla inn 4263,- til Globalaksjonen. Globalaksjonen er KFUK-KFUM-bevegelsen sin solidaritetsaksjon som blant anna støttar arbeidet med økonomisk rettferdighet og etisk handel i Sri Lanka.

Søndag 23. oktober var det Høsttakkefest i Tyssedal kirke. 4-åringar fekk Min Kirkebok, og Sivert og Jannike var med og dramatiserte Bibelteksten om den fattige enken i Sarepta. Menighetsrådet hadde laget deilig kirkekaffe!





Kubekryss

Lag din egen julepynt!

BRUK



ELLER



... og så videre.

- A : Ektemannen til Maria ■ Rovfuglen
 B : Skadefri ■ Terg!
 C : 50 på romersk ■ Nitrogen ■ Teskei ■ Fugl
 D : Terg! ■ Slurk ■ Til dømes
 E : Husdyr ■ Egyptisk elv ■ Sekund
-
- F : Kan dør gå i ■ ■
 G : Vokal nr. 2 ■ ..., I klokker ■ Tine
 H : To like ■ ■ Kom ...! ■ Bruker hest
 I : Lyden ■ Omgang
 J : ■ Julenissesledetrekdyra
-
- K : Høgtidsstund ■
 L : Elvemunning ■ Sjødyr ■ Smart
 M : Slikt ■ Skli! ■ Ordne seng
 N : Lever ■ ■ Retning (bakv.) ■ Enten du vil eller ...
 O : Julebakst

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!

God jul!



❄️ **JUL 2016** ❄️

Julekonsert

Odda kyrkje

onsdag 7. og torsdag 8. desember kl. 19.00.
OddaKonsertene: Den Store Julekonserten.

Julekonsert

Odda kyrkje

søndag 18. desember kl. 18.00.

Medverkande:

Odda Musikklag og Odda Songlag.



Julekonsert

Odda kyrkje søndag 11. desember kl. 19.00.

Medverkande:

André Søfteland, Tyssedal koret, Ove Danielsen.



Julekonsert

Skare kyrkje onsdag 14. desember kl. 18.00.

Medverkande: Marie-Elise Lindskog med musikarar og lokale krefter.

Juletreffest

Juletreffestene har lang tradisjon hos oss. Soknerådet i Odda og menighetsrådet i Tyssedal arrangerer juletreffester i menighetene sine. Det blir god mat, juletrengang, underholdning, leker og andakt. Velkommen!

ODDA SOKNEHUS:

Tirsdag 3. januar kl. 17.00.

Beverting: Pølser i brød og kaker
Inngangspenger.

TYSSEDAL KIRKE – menighetssalen:

Onsdag 4. januar kl. 17.00.

Beverting.



Lykke til!!!



Odda kyrkje

Røldal kyrkje

Odda kyrkje

Røldal kyrkje

Odda kyrkje

Røldal kyrkje

Odda kyrkje

Tyssedal kirke

Skare kyrkje

Tyssedal kirke


Skare kyrkje

Tyssedal kirke

Skare kyrkje

Tyssedal kirke

Trusopplæringstiltak og familiegudstenester dei neste månadene:



Skare:

- Familiegudsteneste 4. desember kl. 11.00 i Skare kyrkje

Tyssedal:

- Familiegudsteneste 26. februar i kl. 11.00 i Tyssedal kirke

Odda, Tyssedal og Skare:

- Tårnagenthelg i Odda kyrkje 25. til 26. mars.



STØRST AV ALT



Jannike Starefoss Stave
trosopplærer



GUD gir – vi deler!



SMÅBARNSKAFÉ


Vi tar pause i desember,
men starter opp igjen 12. januar!

Torsdager kl. 11.00 - 14.00 på Soknehuset
v/ Odda kyrkje. Barn under skolealder med
foreldre, besteforeldre eller dagmamma
er hjertelig velkommen.

Vi kommer til å leike, syngje og ha en hyggelig stund saman.
Ta med nistepakke, vi holder drikke.



Lurer du på noe, kontakt kontoret 53 65 09 00



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA
Odda sokn

BEDEHUSET (Kyrkjestova-Røldal) 2017 Barnesong (0 - 3 år)



Tirsdagar: 10. jan, 14. feb,
14. mar, 4. apr, 9. mai
kl. 10.00 – 11.30

Ta med teppe til dei minste borna
(vi har gym-matter og reint golv)
Raggsokker/innesko
Matpakke, drikka
Kaffe/te får du av oss



Skattekista (3 - 5 år)

Kl. 17.00 – 18.00
Tirsdagar: 17. jan, 21. febr,
21. mar, 25. april, 9. mai

KONTAKTPERSON:
Liv Karin Larsson,
mob: 476 18 491

Velkommen til

Kyrkjelydane i Odda, Tyssedal
Og Skare inviterer alle 8-åringar
til å vere Tårnagentar 25. – 26.
mars 2017 i Odda kyrkje.

Gjennom helga vil agentane løyse
oppdrag og mysterier, og dei vil utforske kyrkja
og forteljningane i bibelen. Barna bur heime, men vil vere
saman i kyrkja laurdag og søndag.



Meir info kjem!

Hardanger Folkeblad
- først og fremst

tlf. 53 65 06 20

**Varmhjarta, tilgjeving,
kjærleik** - kjerneord i livet.

Vakre ord - på nynorsk!
Kjøp den nye bibelen
på nynorsk!

Odda Mållag



RF

Radio Folgefonn

Hardanger & Voss

www.radiofolgefonn.no

EUROSKO
ODDA

Nederst i Gågata

tlf. 53 64 10 12

INGENIØR- OG ENTREPRENØRFORRETNING

HØYER
ODDA a.s

tlf. 53 64 80 80

post@hoyer-odda.no

COOP
marked

Røldal - tlf. 53 64 71 26

Einar Reisæter AS

elekt. forretn. install.
Eitrheimsv 1, 5750 Odda
tlf. 53 64 13 33

TERJE

STORHAUG

barne-unodoms- og herrefær

tlf. 53 64 16 44

Steinar Tokheim

Byggn.tekn.kons.

Skare

stokheim@online.no

mob. 958 71 277

Røldal 
Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656
Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal



ODDA
KOMMUNE

Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.

www.oddakommune.no



Sparebanken
Vest

EIN STABIL OG TRYGG BANK

AVD. ODDA - 53 64 95 00



SKARE
SAGBRUK AS

tlf. 53 00 44 24




TVEIT

tlf. 53 64 56 12

Odda Grillen

tlf. 53 64 40 87

Svar på kubekryss



Det fullkomne lyset

«Det folket som bur i mørker, har sett eit stort lys, over dei som bur i dødsskuggens land, har lyset stråla fram.»

Matt. 4,16.

Fyrst på Golgatas kross og ved den tomme grav braut dette lyset fram i all velden sin. Det fullkomne lyset. Hans død er lyset og livet vårt. Det er Guds hjarte som lyser frå krossen. Frelsesverket var fullført, stadfesta ved Jesu blod og forseglad ved historia si største og viktigaste kjensgjerning: Jesu oppstode.

Professor Ole Hallesby har ein gong sagt: «Det er forholdet mitt til krossen i dag som avgjer frelsa mi.» Det finst altså ingen annan veg! Og i dag er nåden si tid.

Eg kjenner trong til å seie med songaren: «Ingenting kan eg bringe deg, til krossen din eg klyngjar meg. Naken eg om klede ber, hjelpelaus til nåden ser. Urein flyg eg til ditt blod, reins meg frelsar i ditt blod.»

KPK

JERNIA Odda

Postboks 353, 5751 Odda

tlf. 53 64 22 88



**VEBENSTAD
ELEKTRO**

tlf. 53 64 40 10

 **Oddaprodukt AS**

tlf. 55 09 28 88

SpareBank
SR-BANK



tlf. 02002

Meuserburger
malermester

tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80

torkelsen@fargerike.no

 **Odda Energi**

Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no

*Odda begravelsesbyrå
& Digraanes blomster*

Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99
53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50
fax 53 64 23 81

www.digraanes.no



ODDA MEKANISKE VERKSTED AS

Postboks 144, 5751 Odda

post@omv.as tlf. 53 64 00 40

VD ENGINEERING AS
Postboks 392, 5751 Odda



Odda Rutebuss AS

Tyssedalsvn. 8 - 5750
1Odda

tlf. 53 64 18 65
fax 53 64 23 91



**Tømring - Forskaling
Rehabilitering - piper - fliser**

**SVEIN
MYRHEIM**

5760 Røldal
tlf. 53 64 73 13 / 90 80 14 01

**HARDANGER
BILSKADESERVICE**

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22



Lutherfestdagar i Reformasjonsbyen Bergen 3. -7. mars 2017



kan du lesa meir om her:

[https://kirken.no/nb-NO/
bispedommer/bjorgvin-bispedome/
nyhetsarkiv/luther-fest/](https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/nyhetsarkiv/luther-fest/)



**Misjonslaget
i Røldal
våren 2017**

11. januar, 15. februar, 15. mars, 5. april.

Onsdagar kl. 11.00 - 13.00, på bedehuset.

Kontaktperson: [Liv Karin Larsson](#). Mob. 476 18 491



Både gode og vonde dagar

Det er lett å vere menneske på ein god dag. Og vi vil jo helst berre ha slike dagar. Men ingen veit så mykje om morgondagen, om den vil kome eller kva den vil bringe.

Jesus seier: «Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.» Matt. 6,34.

Vi skal få takke og glede oss når vi har gode dagar! Men det kjem også vonde og smertefulle dagar. Og slike dagar kan vere så tunge at vi ikkje skjønne korleis vi skal kunne bere dei. Vi trur alle at livet byr på både sorg og glede. Og i sorga sitt landskap er det likevel ofte ikkje lett å få auge på håp når smerta over tapet riv og slit i ein. Men då er det viktig å tenkje på at Gud også er med i det som er tungt, vanskeleg og ofte uforståeleg.

KPK

Konsekvensar av utmelding

Den norske kyrkja er i omstilling og banda til staten er i ferd med å losna. Dei fleste er samde i at det er ein god ting at kyrkja no meir vert eit trussamfunn på line med mange andre.

I den siste tida har det vore mykje fokus i media på at kyrkja no har fått til ei løysing der ein kan melda seg inn og ut via internett. Dette har vore etterspurd lenge og er no på plass. Går du med tankar om å melda deg inn eller ut av Den norske kyrkja, kan dette no ordnast heime på din eigen PC. Her i Odda er det 28 personar som har meldt seg ut etter at den elektroniske varianten vart innført i august. Vi har òg 2 innmeldingar i år, så hugs at du også kan melda deg inn!

Vi vil gjerne minna om at ei utmelding også får konsekvensar som ein kanskje ikkje tenkjer på:

Dåp

Dåp er ei kyrkjeleg handling. Foreldre som er utmelde kan ikkje utan vidare krevja å få sine barn døypte. Barsedåp føreset at barna får oppseding i den kristne trua. Dersom foreldre som står utanfor kyrkja, likevel ønskjer at barnet skal få ei kristen oppseding, kan barnet bli døypt etter nærare avtale med presten.

Konfirmasjon

Konfirmasjon byggjer på at konfirmanten er døypt i Den norske kyrkja eller i eit anna kristent trussamfunn. Udøypte kan delta i konfirmasjonsførebuinga, men kan ikkje delta ved forbønshandlinga på konfirmasjonsdagen. Stadig fleire unge, og vaksne, blir døypte i samband med konfirmasjonen.

Kan eg gifte meg i kyrkja om eg melder meg ut?


Ikkje nødvendigvis, og dette vil vere ei betalt teneste. Kyrkjeleg vigsel kan ein ikkje krevje om ingen av brurefolka høyrer til Den norske kyrkja. At ein av brurefolka er medlem vil normalt være tilstrekkeleg for at vigsel kan skje i kyrkja.

Kan eg vere fadder om eg ikkje er medlem?

Fadder kan normalt bare den være som er medlem av Den norske kyrkja. Ein fadder tek på seg viktige oppgåver når det gjeld den kristelege oppsedinga av den døypte. Som fadder kan ein likevel velje personar som er medlem av eit anna kristent trussamfunn og som ikkje forkastar barsedåpen.

Kan eg gravleggjast av prest i Den norske kyrkja om eg ikkje er medlem?

Kyrkjeleg gravferd blir som regel ikkje gjennomført når avdøde har stått utanfor kyrkja. Dersom dei næraste pårørande ønskjer kyrkjeleg medverknad ved gravferda, har presten likevel høve til å forrette kyrkjeleg gravferd.



Kyrkjeleg vigsel er eit naturleg val for mange medlemmer. (Foto: Erik Thallaug).

Kan eg nytte kyrkja som seremonistad til gravferd om eg ikkje er medlem i Den norske kyrkja?

Ja, andre kristne kan be om å få leige kyrkja dersom seremonien blir leia av ein pastor eller forstander i eit anna kyrkjesamfunn. Dersom gravferden ikkje blir forretta etter eit kristent ritual, kan ein ikkje bruke kyrkjerommet.

Kan eg melde meg inn att i Den norske kyrkja seinare om eg har meldt meg ut?

Det er fullt ut mogleg å melde seg inn att i kyrkja, og det er dessutan mogleg for folk som før ikkje har vore medlem å melde seg inn. Har du hatt kristen dåp som barn eller vaksen, vil du ikkje bli døypt på nytt når du melder deg inn.

Kan eg røyste i kyrkjevalet når eg ikkje er medlem?


Nei, røysterett ved kyrkjelege val har berre medlemmene i kyrkja. Utmelde kan ikkje delta ved soknerådsvalet eller røyste på soknemøtet. Det er berre medlemmer som kan ta på seg kyrkjelege verv. Kyrkjelege stillingar må ein vera kyrkjemedlem for å inneha. Det gjeld ikkje berre prestestillingar, men òg organistar, kyrkjetenarar, kyrkjeverjer, osv. Dei borgarlege rettane blir ikkje rørte ved inn- eller utmelding av Den norske kyrkja.

Økonomisk har kyrkjemedlemskapen ingen personlege følgjer. Det er ikkje eigen kyrkjeskatt i Noreg. Alle registrerte trus- og livssynssamfunn mottek støtte pr. medlem frå stat og kommune tilsvarende løyvingane til Den norske kyrkja pr. medlem.

Det er viktig at vi no får rydda opp i medlemsregisteret, og at medlemskap i kyrkja ikkje lenger skal vera ei sjølvfylgje, men vi er samstundes glad for alle som framleis vil stå som medlem i kyrkja vår!

Kjelde: Kyrkjerådet

Kyrkjeverja



Arbeid

Fatig og arm er den som ikkje arbeidet
gjer rik.

Ikkje rik på pengar og gods, det er ein
fiktiv rikdom, men rik på arbeidsglede,
rik på livsinnhald. Den usynlege, men
den einaste rikdomen som ikkje skifter
med konjunkturane.

Dersom utviklingi går i den leid at vi
gjer oss sjølve til overs, kan vi forfærda
spørja kva menneska skal gjera når det
ikkje er noko å gjera. Noko som vi kan
fylla dagane, tidi og timane med.

Teknikken er eit tveggja sverd.

Han kan hjelpa oss og gje oss mykje,
men ein kan undrast på um han ikkje er i
ferd med å ta frå oss noko som er meire
verdfullt enn det han gjev: Arbeidsglede
og den nære kontakt med naturen.

Å ha det lettvinnt, er ikkje noko mål i
seg sjølv. Det spør berre etter kva vi skal
bruke dei evner og krefter til som vi
dermed frigjer, og kva vi brukar dei til.

Å ikkje ha noko å gjera og sjå fram til,
er tyngre enn alt tungt arbeid, av di det er
ei onnor tyngdelov som gjeld: Tomleiken
og meiningsløysas tyngdelov.

Etter at arbeidsglede vart burte, går vi
ikke lenger på arbeid. Vi bilar til jobben.

Det er snøgt gjort å prate. Å gjera, tek
lengre tid.

Kanskje veit du kva du har tenkt å gjera,
men ikkje kva du får gjort.

Sumt må ein gjera og sumt kan ein
ikkje la vera.

Den som ingen ting gjer, gjer ikkje
noko gale, men heller ikkje noko godt.

Å eige arbeidsglede,
er vår rikdoms grunn.
Eit ljøs i harde tiders
røyningsstund.
Den som eig dette
ljøset i sitt indre,
vil leva meire
og syta mindre.

Jan-Magnus Bruheim (1914 - 1988),
fra «Spegelbrot»



Døyppte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar så
lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje

30.10.2016 *Philip Tupsjøen*

Røldal kyrkje

16.10.2016 *Tiril Narheim Tveita*

Skare kyrkje

06.11.16 *Nora Oksnes Svan*

Tyssedal kirke

23.10.2016 *Sofie Mari Berg Moe*

Vigde

Odda kyrkje

30.10.2016 *Fredrik Tupsjøen & Ida Veronika Sigvartsen*

Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda

Karen Lilly Vivelid f. 1926

Lars Kambe f. 1921

Anna Maria Svendsen f. 1921

Solveig Gjellestad f. 1926

Siri Oppegard f. 1959

Gudrun Hammersland f. 1918

Torbjørge E. Seim Hjørnevik f. 1940

Lilly Reisæter f. 1934

Røldal

Hans Flattun f. 1926



GUDSTENESTELISTA

4. des – 2. søn. i advent

Skare kyrkje kl. 11.00
 Familiegudsteneste
 Odda kyrkje kl. 18.00
 Ljosmesse

11. des – 3. søn. i advent

Odda kyrkje kl. 11.00
 Røldal kyrkje kl. 11.00
 Tyssedal kirke kl. 18.00
 Lysmesse

24. des – julaftan

Tyssedal kirke kl. 14.00
 Odda kyrkje kl. 16.00
 Skare kyrkje kl. 16.00

25. des – juledag

Røldal kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 12.00

31. des – nyårsaftan

Røldal kyrkje kl. 16.00

1. jan – nyårsdag/Jesu navnedag

Odda kyrkje kl. 12.00

8. jan – Kristi openbaringsdag

Odda kyrkje kl. 11.00

15. jan – 2. søn. i openbaringstida

Tyssedal kirke kl. 11.00
 Skare kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 17.00

22. jan – 3. søn. i openbaringstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

29. jan – 4. søn. i openbaringstida

Odda kyrkje kl. 11.00
 Økumenisk gudsteneste

5. febr – 5. søn. i openbaringstida

Røldal kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 17.00

12. febr – såmannssøndag

Odda kyrkje kl. 11.00
 Skare kyrkje kl. 11.00

19. febr – Kristi forklaringsdag

Røldal kyrkje kl. 17.00

26. febr – fastelavnssøndag

Tyssedal kirke kl. 11.00
 Familiegudstjeneste

5. mars – 1. søn. i fastetida

Odda kyrkje kl. 11.00
 Røldal kyrkje kl. 11.00

12. febr – 2. søn. i fastetida

Skare kyrkje kl. 11.00
 Odda kyrkje kl. 17.00

19. mars – 3. søn. i fastetida

Tyssedal kirke kl. 17.00

26. mars – Maria Bodskapsdag

Odda kyrkje kl. 11.00
 Tårnagenthelg. Familiegudsteneste.

Det kan verta endringar - sjå
etter i HF om fredagen

Tysdagsbøn

i Odda kyrkje kl. 12.00



Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på **Odda Bedehus**
kvar laurdag klokka 10

Kirkens SOS

FORTVILET?
Ring Kirkens SOS
22 40 00 40



Ynskjer du hjelp til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?

Fredagen
før gudstenesta
innan klokka 12.00:



Ring Odda kyrkjekontor **53 65 09 00**

Kyrkjeskysen i Røldal

ring **95 95 11 11**



ODDA

TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda
tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

www.oddatrykk.no